



Årets historieforteljing

KRISTINE BRANDSDAL BARANE SUNNHORDLAND

Forteljingar om system som sviktar menneske, kan vera tung lesing. Difor er det desto meir oppløftande når historia formidlar håp og livsglede, og journalisten si forteljing er velskriven med svært godt biletemateriale og grundig research.

I historia om «Anni Røverdotter» klarer Sunnhordland og journalist Kristine Brandsdal Barane å gjera nettopp dette. Jenta som vaks opp med to rusmisbrukarar som foreldre og sjølv vart rusmisbrukar, har trass dei dårlege føresetnadane bygd seg eit godt liv.

Dei etiske utfordringane er mange i saker som dette, der ord ofte står mot ord, motiv er mangfaldige, og påstandar kan vere vanskelege å etterprøve. Journalisten har gjennomgått store mengder dokumentasjon for å kunne underbygge Annis livshistorie. Ho har òg handtert andre relevante kjelder som sjølve er sårbare, og klarer å balansere deira historier godt i forteljinga om røverdottera.

Saka fengslar frå første til siste setning med ei drivande forteljarstemme. Private bilete frå ei vanskeleg fortid møter lyse og levande reportasjebilete i eit flott samspel, og understrekar utviklinga i Anni sitt liv på ein slående måte.

Dette er journalistisk historieforteljing på svært høgt nivå!

Kristine Brandsdal Barane fortener heiderleg omtale.

Juryen, Hamar 16. mars 2024

Eva Akerbæk

Siri Skaalmo

Thomas Frigård